

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss

Emne: Skav

Bygdelag: Reppen

Oppskr. av: Olav O. Fletre

Gard: Fletre

(adresse): Swinne

G.nr. 78 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

O. O. Fletre född 28/2 - 1895 Bonde

1. Eg kjenner ikkje ^{SVAR} til at det har vore brukt noko samnamn på dei nemnde forslag.
2. Noko samnamn for desse forslag kjenner eg ikkje til.
3. Gjærningsordet skava byggjer ein slik: Eg skjev, Eg skov, eg vil skava, eg har skave.
4. Det har vore nytta mykje skav her i bygdi, men lite og intje i seinare tid. Noko anna namn enn skav har eg ikkje høyrte. Hjå dei som brukte det, vart det helst rekna som regulært forslag.
5. Til skav nytta ein alle høv-
presortar undantake björk: ^{og oru} Eg kan nemna dei her i den rekkefylgja som ein meinte dei var gode til: Alm, ask, hegg, asp, raun, selja. Noko slag barkre vart ikkje nytta til skav.
6. Ordet skav vart nytta um borken på alle preslag når han var

skaven av treet. Likeins vart ordet skjervla nytta um vedern av alle Preslag når borken var avskaven.

7. Dette rimet kjenner eg til og skal gjera det att slik ho godmor mi sa det på vossamål:

Almen gjö,
Hleggjen fö,
raudn elte,
selgjo svelte.

(1) Ordet elte er eit gammalt vossa=ord som held på og kjem ut or bruk.

Det tyder litegrand.

8. Det var kyr og geit som fekk skavet. Dei fekk det alltid før seg sjølv, som ein godbit etterpå det andre foret. Det var helst i kveldseta det vart skave, og det vart solis mest nytta på myrkaste tidi um vinteren, når dagane var korte.

Eg veit aldri av at or vart skave og gjeve kröteri.

9. Det var vistnok ei tru at dei fekk meir, gubare og finare rjome på mjölki, når kyrne fekk skav. Dette skulde sjölv= sagt også visa att på smöret.

Eg veit ikkje um at dei var redda for usmak på mjölki av skavet av nokoslag Preslag, når det vart gjeve i måtelege mengder.

10 Det vart passa på og like med når ein var i skogen

2

etter ved likevel slikt som hørde
til å skava. Det fyrste som vart
skave var slikt som ein hadde
lauva på ettersumaren. Ein hogde
då greinene av større tre og braut
av lauvet, ein kalla dette å mila
trei. Den tid det var brukt
trehesjar skov ein alltid hesjeveder,
men det var helst arr som vart
brukt til hesjetro, og dette skavet
vart ikkje nytta til krøteri

11. Her i bygdi vilde ein kalla
det å reisa etter mørk.

12. Ein kallar det mørk.

13. Eg kjenner ikkje til dette gjernings-
ordet.

14. Eg veit ikkje av at det vart
reist etter mørk særskildt. Ein
passa på og tok med seg etter
kvart ut etter vinteren. At
karfalki skulde ut og kunna
mørk på fastande hjarta lang-
fredagsmorgon kjenner eg ikkje til.

15. Sjølve skavingi heldt ein til
med inne i skova. Det var helst
nytta som kveldsbehandling.

16. Som reidskap til å skava det
ein kalla mørk, det er greinene
av trei, nytta ein ein brukt

4
ljå. (hangar) Ein kulla ei pyfille
rúndt enden der ein heldt. Denne
reidskapan vart kalla skavljá.
Eg har ikkje høyrst noko um at
dei gamle bynsteljárane var meirare
vil å skava med enn dei ljåane
som seinare kom i bruk.

17. Det er heilt berre når ein skjerv
hesjestaur og i eldre tid ogso hesjeter
at ein fester ein enden i nokon
skrueregvidor som står fast på ein
vedhusstolpe. Då set ein ei
kluft som står fast i ein stød
plankende upp innder den andre
enden. Det kan ráka at dette
vart gjort av slike treslag som det
vart godt skav av og på ei tid
som Kröteri stod inne, og sjålv-
sagt vart skavet då myttd og dette
^(kan) ~~vart~~ so no og. Men den vanlege
skavingi gjekk far seg inne i
stove og det vart nytta ein
halvsirkelforma eller firkanta,
avlang krakk, med ein sterk
pinne som stod upp vil å stydja
skavljáen mot. Krakken vart
kalla skavkrakk. Noko sers namn
på pinnen har eg ikkje høyrst.

18. Eg har ikkje høyrst noko um
at det har vore skave på den
måten her i bygdi. Ordet skavpæl
kjenner eg ikkje.

19. ³ Du sit på skovkrakken, held skavljaen i højre handi og stødjer han mot pinnen som står iyp på krakken, so drag di kjeppen fram og abbende under skavljaen.

20. Vedem ein skjev kallar ein mork.

21. Har aldri høyrte anna namn på borken som ein skjev på enn skar.

22. Kjeppene som ein skjev er ein 60-70 em. lange. Ein kan nok skava store kubbar, når det er av slike treslag som borken høver til skar, og det vart alltid gjort. Ein brukte då vanleg banda kniv med 100 handtak til å skava kubben med, som vart lagd utan i sagakrakk eller slik til rette, at ein kunde koma til å skava

23. Kjeppene som ein har skave kallar ein på vossamål enkel skjevidd, fleirtal skjevla. Dette namnet var berre brukt um slikt som var tillaga av greinene på trei når det var skave. Kubbane som var skavne har eg ikkje høyrte noko ~~namn~~ ^{sett} på.


24. Noko visse regler for korleis skavet skulde vera, veit eg ikkje av at det har vore. Når ein

6
skore markki vilde det vel fylgja
lite av veden med skavet. Men
ein måtte aldri gjera mykje av
det. Skor ein større kubbar laut
ein akka seg for å skava for fjukke
og breide blakkar.

25. Det kan nok vera at det var
dei som brukte den skavne veden
til baksteved, men eg trur at
veden helst vart lagd upp i
gortromi i omnen i stova og brend
upp etter kvart som han var
nokolunde bær.


26. Fram til åri rundt 1920 var
det vel fleire som brukte å skava
her i grensti, men no er det
slutt over alt trur eg.

Föt under skavkrakken



Pinn til å stydjia skavjænen mot

Föter under skavkrakken



Pinn til å stydjia skavjænen mot

Föter under skavkrakken

Ovanfor overkanten av tvo typer
skavkrakker.

2089